

Årsmelding 2013



Årsmeldinga for 2013 vert lagt fram av rådmannen, og er først og fremst ei melding til kommunestyret. Manger skule har gjennomgått ei oppgradering i løpet av 2013, og står på mange måtar fram som ein ny skule. Nøgde elevar i nyoppussa klasserom er heilt samde i dette.



Jarle Landås

Radøy kommune er prega av nøktern drift, men leverer likevel gode tenester på dei aller fleste område. Det vert lagt ned stor arbeidsinnsats kvar dag for å yta gode tenester til innbyggjarane og eg er stolt av kva tilsette i Radøy kommune leverer.

Rekneskapen for 2013 viser eit netto driftsresultat på 0,7 prosent. Sett opp mot at ein sunn kommuneøkonomi bør ha eit netto driftsresultat på 2,5% til 3% er dette ikkje eit særleg godt resultat og gir grunn til uro i eit langtidsperspektiv.

Stramme økonomiske rammer gir eit mindre handlingsrom til endring og utvikling. Vi har likevel sterkt fokus på effektivisering og kvalitetssikring av tenestene. Utvikling av organisasjonen og fokus på leining er viktige stikkord for kva som er lagt vekt på i 2013 og er ein del av ei strategisk tenking i eit lengre perspektiv.

Endring i organisasjonsstrukturen med kommunalsjefar blei vedteken i 2012 og sett i verk 01.08.13 med kommunalsjefane på plass frå same dato. Som planlagt var organisasjonsstrukturen under kommunalsjefnivå gått gjennom i løpet av hausten og ny struktur vart bestemt med iverksetting frå 01.01.14. Med dette har Radøy kommune fått ein organisasjon som gjer eit godt utgangspunkt til å møte dei utfordringar som ventar. Men det er viktig å peika på at organisasjonsutvikling er ein kontinuerleg prosess.


I ny organisasjonsstruktur har Radøy tilnærma lik fordeling av kvinner og menn i leiarstillingar og i eit slikt perspektiv har vi ein god status på likestilling. I tillegg har vi likeløn som eit av momenta vi ser til og legg vekt på i

Jarle Landås Rådmannen dei årlege lokale lønnsforhandlingane. Kommunen har eit etisk reglement som er vedteke av kommunestyret i 2009. Vi har i 2013 hatt etikk og etisk reglement oppe i rådmannsgruppa og dette er eit tema som er teke opp i sektorane. Arbeidet skal halda fram i alle sektorane og i leiarsamlingar. Rådmannen har dessutan gjort greie for arbeidet med etikk i kontrollutvalet.


Sjukefråværet har vore stabilt høgt i mange år. Første kvartal 2013 starta rekordhøgt med eit sjukefråvær på over 11 prosent. Det var seinare ei gledeleg utvikling, slik at fråveret for 2013 gjekk ned frå 10,6 til 8,79 prosent for heile året under eitt. Sjukefråveret er framleis høgt i Radøy kommune, men vi vonar at vi no har snudd utviklinga.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris for 2013 vart tildelt heimetenesta. Samarbeid og samhold er stikkord for miljøet som danna grunnlag for prisen. Dette er noko Radøy kommune ønskjer å identifisera seg med. Rådmannen gratulerer så mykje med prisen.

Folketalsutvikling



Sjukefråvere





Økonomisjef
Sveinung Kvamme

I rekneskapsdokumentet for 2013 finn ein detaljert informasjon om rekneskapskapen for 2013. I årsmeldinga vert det lagt fram ein del tal og vurderingar som eit supplement til årsrekneskapskapen. KOSTRA-data for 2013 er først tilgjengelege frå ca 15. mars.

I budsjettvedtaket for 2013 har kommunestyret løyvd midlar til drifta av dei kommunale tenestetilboda, jf skema 1A og 1B. Løyvingane er gitt som ei netto ramme for kvart tenesteområde. Dette betyr at ein leiar for eit tenesteområde kan utvida driftsomfanget, dersom utvidinga blir dekkja av auka inntekter på området. Tala som går fram av rekneskapsoversynet til høgere kan såleis avvika frå budsjettet, utan at budsjetttrammene av den grunn er overskridne. Det vert difor i liten grad lagt vekt på budsjettavvik i høve til den samla driftsrekneskapskapen.

Rekneskapskapen for 2013 er avlagt med eit **netto driftsresultat på 2,58 mill**, som svarar til 0,7% av samla driftsinntekter. Diagrammet til høgre syner korleis utviklinga i netto driftsresultat har vore dei siste åra. Resultatet ligg nær snittet for åra 2007-11, men godt under 2012. 2012 var eit «unntaksår», der mange «heldige» omstende gav eit godt resultat.

Brutto driftsresultat er negativt i 2013, med ca 4,2 mill. Brutto driftsresultat er enkelt sagt driftsinntekter minus driftsutgifter. I fem av dei siste sju åra har brutto driftsresultat vore negativt.

Brukarbetalingar vert fullt ut generert av dei ulike tenestene, og omfattar først og fremst foreldrebetaling i barnehage og SFO og betaling for institusjonsopphald. Desse inntektene har auka med ca 4,7% samanlikna med 2012. Dette er ein litt sterkare auke


enn dei siste åra. Det er først og fremst brukarbetaling i barnehage som aukar.

Sals- og leigeinntekter er også inntekter som vert generert på kvar tenestestad, til dømes vass- og avlaupsgebyr, leigeinntekter kommunale bustader, gebyrinntekter innan teknisk forvaltning og leigeinntekter i Radøyhallen. Desse inntektene har samla auka med 3,5% samanlikna med 2012. Dette er vekst om lag på nivå med prisindikatoren, altså vernad av prisjustering av husleiger m.v.


Overføringar med krav til motyting vert også i stor grad generert på tenestenivå. I denne posten ligg mellom anna sjukelønsrefusjon, mva-kompensasjon og refusjon ressurskrevjande brukarar, i tillegg til ein del andre offentlege refusjonar, m.a. innan barnevernet. Samla auke samanlikna med 2012 er ca 7,9%.

Driftsrekneskapskapen	2013	B 2013	2012
Driftsinntekter			
Brukarbetalingar	(18 202)	(16 066)	(17 389)
Andre sals- og leigeinntekter	(27 553)	(25 182)	(26 614)
Overf. med krav til motyting	(53 516)	(34 008)	(49 607)
Rammetilskot frå staten	(141 272)	(140 481)	(134 736)
Andre statlege overføringar	(6 308)	(4 557)	(6 069)
Andre overføringar	(179)	-	(153)
Skatt på inntekt og formue	(108 358)	(108 298)	(103 142)
Eigedomsskatt	(11 425)	(11 410)	(11 228)
Sum driftsinntekter	(366 813)	(340 002)	(348 938)
Driftsutgifter			
Lønsutgifter	205 650	191 443	195 847
Sosiale utgifter	54 439	54 443	46 450
Kjøp som inng. i komm. prod.	47 993	38 416	45 339
Kjøp som erstattar eigen prod.	28 520	21 260	20 630
Overføringar	17 861	20 623	21 701
Avskrivningar	12 872	12 544	12 545
Fordelte utgifter	3 761	3 700	3 492
Sum driftsutgifter	371 096	342 429	346 003
Brutto driftsresultat	4 283	2 427	(2 935)
Renteinntekter, utbyte mv	(8 568)	(8 033)	(8 618)
Rentekostnader og avdrag	14 573	14 040	13 933
Motpost avskrivningar	(12 872)	(12 544)	(12 545)
Netto driftsresultat	(2 584)	(4 110)	(10 165)
Netto avsetningar og overf til inv.	2 490	4 448	8 073
Meir (mindre)forbruk	(94)	338	(2 093)

(tal i heile tusen)



Mva-kompensasjon av investeringar aukar med ca 28% frå 2012, sjå diagram. Sjukelønsrefusjonen aukar med 4,31%, noko som er litt lågare enn auken i lønskostnadene. Sjukelønsrefusjon vert ikkje budsjetttert, og fører difor til stort avvik i høve til budsjett.



Rammetilskotet aukar med 4,85%, og må sjåast i samanheng med skatteinngangen. Rammetilskotet vert fullt ut styrt av staten.

Andre statlege overføringar aukar med 3,95%, og gjeld ma. statstilskot flyktningar og ulike rentekompensasjonar. Tilskotet til flyktningar har auka med 7%, medan rentekompensasjonen er noko redusert. Det siste er naturleg, då kompensasjonen vert redusert år for år i samsvar med pårekna nedbetaling.

Skatteinngangen i 2013 har vore akseptabel for Radøy kommune, med ein auke på 5,1% i høve til i fjor. Skatteinngangen ser ut til å ha stabilisert seg på eit noko høgare nivå enn det som har vore vanleg for Radøy kommune, men framleis får kommunen berre 86% av landsgjennomsnittet. Sum av rammetilskot og skatteinngang vart ca 790.000 høgare enn budsjett i 2013.

Eigedomsskatten syner ein auke på 1,75% samanlikna med i fjor. Dette er knytt til nye bustader tekne i bruk pr 1.1.2013. Auken er noko lågare enn prisveksten, og slik sett blir eigedomsskatten «mindre verdt» for kvart år, inntil ny hovudtaksering.

Ser ein samla på **løn og sosiale kostnader**, medrekna sjukelønsrefusjon og refusjon foreldrepenngar, syner tala ein netto kostnadsauke frå 2012 på ca 7,5%. Av dette er ca 5,1% lønsauke. Den største auken skriv seg frå barnehagesektoren, med nær 15% auke samanlikna med 2012, eller 4,6 mill i tal. Det er også autke knytt til administrasjonen, noko som må sjåast i samanheng med omorganiseringa som er gjennomført. Pensjonskostnaden har auka med ca 11%, eller 2,7 mill inkl arbeidsgjevaravgift samanlikna med 2012.


Skilnaden mellom betalt pensjonspre-

mie til KLP/SPK og bokført pensjonskostnad, det såkalla **premieavviket**, var på ca 2,6 mill i 2013. Det betyr at vi har betalt ein pensjonspremie, men berre ført ein del av den som kostnad. Dersom det var samsvar mellom innbetaling og kostnadsføring, hadde resultatet for 2013 vorte 2,6 mill dårlegare enn det som er bokført.


Driftsutgiftene elles har auka monaleg frå 2012 til 2013, men trass i dette har dei ulike tenesteområda i stor grad møtte denne kostnadsveksten utan å gå ut over rammene sine. Diagrammet til høgre syner korleis driftsutgiftene og driftsinntekene har auka i ulike grad dei siste åra.

Finanspostane renteinntekter, utbytte, rente- og avdragskostnader syner mindre endringar, både samanlikna med budsjett og rekneskap 2012. Grunna etter måten høge unytta lånemidlar, har likviditeten vore god gjennom året. Dette gjer at renteinntektene har vorte noko høgare enn ein kunne rekna med. Radøy kommune har inngått bankavtale med Sparebanken Vest, og alle

Skatteinngang pr mnd 2013



Høvesvis endring driftsinntekter og -utgifter frå året før




innskotskonti har fast rentetilknyping til NIBOR. For å spreia risiko er ca 15 mill av dei likvide midlane plassert på innskotskonto til særtilkår i Storebrand bank.

Låge renter gjennom året gjer at rentekostnadene har halde seg på eit «behageleg» nivå. Ein del av lånegjelda har bunden fastrente. Nærare detaljar kring dette finst i rekneskapsdokumentet, note 16.


Tilsvarende har utbyttet frå BKK lagt på same nivå som dei seinare åra, trass i reduserte overskot i BKK. Ei endring av denne situasjonen vil raskt kunna føra til auka finanskostnader for kommunen.

Med eit netto driftsresultat i 2013 på 0,7% er ein rimeleg langt frå siktemålet på ca 2,7% netto driftsresultat. Ser

Akkumulert premieavvik



Netto driftsresultat



ein dette i samanheng med negativt brutto driftsresultat og etter måten sterk auke i driftskostnadene i 2013, kjem ein vanskeleg bort frå at det må gjennomførast vesentlege kostnadsreducerande tiltak i drifta for å unngå meirforbruk i åra som kjem.

Diagrammet nedast på førre side syner igjen netto driftsresultat, men no også med ein alternativ kurve som syner korleis resultatata hadde vore dersom ordninga med mva-kompensasjon av investeringar ikkje hadde vore slik den er. Frå 2007 og fram til 2013 er det då berre åra 2010 og 2012 som gir positivt netto driftsresultat. 2008 var det siste året all mva-kompensasjon av investeringar vart ført i drift, og Radøy kommune hadde dette året store investeringar.

Ser vi dette i samanheng med diagrammet som syner utviklinga i arbeidskapitalen (opp til høgre), er det interessant å merkja seg korleis arbeidskapitalen utan unytta lånemidlar svingar i takt med netto driftsresultat utan mva-kompensasjon, men ikkje i takt med netto driftsresultat. Dette syner at mva-kompensasjonsordninga dekkar over elles logiske samanhengar i rekneskapen.


Frå 2014 er ordninga med mva-kompensasjon i drifta heilt borte. Dette vil føra til svekking av netto driftsresultat i mange kommunar, men truleg vil det styrkja kommuneøkonomien på sikt.

Det kunne også vore freistande å setja opp eit diagram som syner korleis netto driftsresultat hadde vore om ein også såg bort frå ordninga med premieavvik, men det vil føra for lagt av garde.

Arbeidskapitalen har gått litt ned i løpet av 2013. Som det går fram av diagrammet, har arbeidskapitalen, når ein ser vekk frå unytta lånemidlar og premieavvik, gått langsamt på ned dei siste åra, og er negativ. Realiteten er at likviditeten «flyt» som følgje av unytta lånemidlar. Hovudårsaka til at ein har unytta lånemidlar, er at det ikkje er samsvar mellom låneopptak og faktiske investeringar i året. Typisk vert investeringsbudsjettet regulert

ned i løpet av året, utan at ein av den grunn betalar attende lån som alt er tekne opp. Lånemidlane står



i staden på konto, og med etter måten god avkastning, gir dette eit netto bidrag til drifta i året.




Netto lånegjeld har auka med ca 23 mill i 2013, og i høve til samla driftsinntekter har netto lånegjeld gått opp til 62,15%. Dette er høgaste gjeldsgraden kommunen nokonsinne har hatt. Ser vi på lånegjeld pr innbyggjar, som også er eit mykje nytta samanlikningstal, har lånegjelda no passert kr 50.000 pr innbyggjar. Fram til 2006 låg Radøy rimeleg lågt, men som følgje av store investeringar innan både oppvekst og omsorg, har lånegjelda auka monaleg.

Samanlikna med kommunegruppe 02, ligg vi likevel noko under, men med

låge frie inntekter og høgt utgiftsnivå er Radøy nøydd til å liggja lågare enn andre.



Budsjettavvik pr eining - etter bruk av/avsetjing til fond



Diagrammet ovanfor syner budsjettavvik på kvart tenesteområde, eller eining, som det har vore kalla inntil 2013.

Stolpe mot venstre tyder at tenesteområdet har hatt lågare netto utgifter enn gitt ramme, medan stolpe mot høgre tyder at netto utgift har vorte høgre enn gitt ramme. Diagrammet er «kutta» ved 1 mill i både pluss og minus, slik at ikkje nokre få postar skal gjera diagrammet nærast uleseleg.

Mange tenesteområde ligg innafor «rimelege» avvik, dvs +/- ca 50.000, men nokre område syner større avvik enn dette.

I **administrasjonen** er mindreforbruket nær kr 800.000. I samråd med Osterøy kommune, som er vertskommune for IKT Nh, og revisjonen, har ein kome til at dei prosjektrelaterte kostnadene i IKT Nh kan førast i investeringsrekneskapsen hos deltakar-kommunane. Dette fører til reduserte driftskostnader, men samstundes til auka bruk av lånemidlar i investering. Kostnadene til IKT Nh er i realiteten kostnader som skulle vore fordelt på alle tenesteområde, men av praktiske

årsaker vert kostnadene ført på eit felles ansvar knytt til administrasjonen, og berre føringsteknisk fordelt på KOSTRA-funksjonar.

Generelt har kostnadene til barnehagar auka mykje dei siste åra. Dette er ei nasjonalt styrt utvikling, der målet er full barnehagedekning. Radøy kommune har «tradisjonelt» hatt lågare dekningsgrad enn mange andre kommunar, og potensialet for auka etterspurnad har såleis vore stort. I praksis har vi måtta auka på med fleire avdelingar, seinast hausten 2013. I budsjettet for 2013 har ein ikkje i tilstrekkeleg grad føresett kostnadsauken som faktisk har kome. På området «Felles skule/barnehage/SFO» er det meriforbruk på ca 2,9 mill. Ein del av kostnadsauken her er knytt til ekstra tiltak i barnehagane, som ikkje vert belasta den einskilde barnehage, men som vert ført «sentralt». Dette åleine fører med seg ein kostnadsauke på nærare 400.000,-. Kostnadene til barnehageborn i andre kommunar har blitt om lag 300.000 høgare enn budsjettert, med ein samla kostnad på ca 2,1 mill. Desse kostnadene har auka mykje dei siste par åra.

Vidare har kostnadene til elevar som får spesialundervisning i andre kommunar eller private skular vorte om lag kr 700.000 høgare enn budsjettert. Også her ser vi sterk kostnadsvekst i seinare år. Kostnadene til kjøp av vaksenopplæring knytt til framandspråklege har blitt ca 600.000 høgare enn budsjettert. For ein del år tilbake hadde vi eige tilbod om norskopplæring m.v. til innvandrarar, men vi kjøper no desse tenestene frå Lindås kommune. Årsaka til kostnadsveksten, er stor auke i talet på personar som har krav på slik opplæring. Vidare var det føresett at oppvekst samla skulle gjennomføra ei innsparring på kr 900.000 i 2013. Denne innsparringa har ikkje lete seg gjennomføra i praksis, heller tvert om. Samla blir dette eit meirforbruk på nærare 2,9 mill. på området Felles skule/barnehage/SFO. Dei fleste **skulane** har ikkje makta å driva innanfor budsjettammene i 2013. Dette har samanheng med fleire tilhøve, som vert nærare gjennomgått under kapittelet «Oppvekst» i årsmeldinga. Særleg Sæbø skule har hatt større meirforbruk i 2013.

Bø barnehage har fått tilført for mykje budsjettmidlar i 2013, medan Prestmarka klårt har fått tilført for lite midlar. Dette fører til at Bø barnehage har mindreforbruk, medan Prestmarka har meirforbruk. Dette kan gje inntrykk av manglande kontroll av drifta. Realiteten er at drifta er svært nøktern, og at ressurstildelinga rett og slett har vore for knapp. Det er ei generell utfordring å løyva tilstrekkelege midlar til tenesteområde som er i sterk vekst, særleg når kommunen sin økonomi i utgangspunktet er så pressa som den faktisk er. Når budsjettet balanserer kring null, er det krevjande å utvida rammene på nokre tenesteområde, og samstundes finna forsvarleg inndekking gjennom innsparingar på andre område.

Helsetenester er legesenteret og fysioterapitenesta på Helsehuset. Mindreforbruket her skuldast at det var løyvd midlar til ein ekstra legestilling, som ikkje vart sett i funksjon i 2013. Nærare informasjon om dette følgjer under kapittelet «Helse og omsorg».

Også **heimetenesta** har mindreforbruk i 2013. Dette skriv seg først og fremst frå omsorgsbustadene, der reduserte drifts- og kapitalkostnader, kombinert med fullt belegg og justeringar av leigeinntektene har gitt positivt bidrag til drifta..

Også **BF-tenesta** syner mindreforbruk, nær sagt «for første gong». Det er fleire tilhøve som fører til dette, først og fremst korrekt tilordning av leigeinntekter for bustadene og tilskot til ressurskrevjande tenester. Samstundes ser ein at kostnadene ved Radøy arbeidssenter er noko høgare enn budsjett. Dette skuldast først og fremst at tilskotet til VTA-plassane på Aufera vert kostnadsført på Radøy arbeidssenter, og ekstra tilskot på kr 150.000 for 2013 kjem såleis som ein rein meirkostnad i høve til budsjett.

Barne- og familietenesta eksisterer ikkje lengre som ei sjølvstendig «eining», men i og med at det er løyvd midlar til denne «tenesta» i 2013, må det også rapporterast tilsvarande. I ny organisering ligg t.d. PPT-tenesta under oppvekst, medan barnevernet er eige tenesteområde. Meirforbruket her skriv seg frå PPT, som ser ut til å

vera underbudsjettert i høve til faktiske lønskostnader som går med., og frå kostnadene til støttekontaktar.


På området **Helse og omsorg felles** vert m.a kostnadene til medfinansiering av somatiske helsetenester og til utskrivingsklare pasientar ført. Kostnadene til medfinansiering såg lenge ut til å liggja godt innafør budsjetttrammene, men i januar 2014 fekk ein melding frå Helse- og omsorgsdepartementet om det såkalla «beste estimat» for kostnadene i 2013. Av dette går det fram at pårekna kostnad vert kr 568.912,- **høgare** enn tidlegare rekna med. Vi får ingen spesifikasjon eller nærare forklaring på dette, men må berre akseptera tala slik dei vert presentert. Det manglande høvet til kontroll og oppfølging i kommunane

netto løn- og sosiale kostnader enn budsjettert. Samla netto kostnader til plan, byggesak og oppmåling utgjer kr 1.400.320,- i 2013.

Også **landbrukskontoret** har mindreforbruk, dette grunna lågare løn og sosiale kostnader enn budsjettert.

Teknisk drift er eit stort tenesteområde, som omfattar vatn og avlaup, slam, vaktmeistrar, reinhald, feiing, friluftsområde, brannvern, drift av ulike bygningar (rådhuset, prestegarden, helsehuset, Dale grendahus, utleigebustader, Hordabøheimen, vegar og veglys m.m. Hovudårsaka til meirforbruket er kostnadene til vegvedlikehald, som er ca kr 467.000 høgare enn budsjett. Kostnadene er likevel nær 300.000 lågare enn i 2012.

Driftskostn. pr tenesteområde 2013



har vore teke opp på fleire plan, men frå departementet vert det vist til personvernet som grunnlag for ikkje å utlevera grunnlagsinformasjon.

Når meirforbruket på tenesteområdet likevel ikkje vert større, skuldast det at kostnadene til utskrivingsklare pasientar berre har vore kr 8.250 i 2013. Her får vi gevinsten av gode rutinar for samhandling og kompetansebygging i organisasjonen.

Teknisk forvaltning er ny nemning på tenesteområdet plan, byggesak og oppmåling. Mindreforbruket på området er i overkant av 1 mill., og skuldast meirinntekter på gebyr, og lågare

Det er ei generell utfordring å løyva tilstrekkelege midlar til tenesteområde som er i sterk vekst, særleg når kommunen sin økonomi i utgangspunktet er så pressa som den faktisk er. Når budsjettet balanserer kring null, er det krevjande å utvida rammene på nokre tenesteområde, og samstundes finna forsvarleg inndecking gjennom innsparingar på andre område.

På området **Felles skule/barnehage/SFO** er det meirforbruk på ca 2,9 mill. Hovudårsakene til at budsjettet på oppvekst sprekk er underbudsjettering av ymse kostnader. Ein del av kostnadsauken her er knytt til styrkingstiltak/spesialpedagogisk hjelp i barnehage, som ikkje vert belasta den einskilde barnehage, men som vert ført «sentralt». Dette åleine føre med seg ein kostnadsauke på nærare 800.000,- i høve til opphavleg budsjett. Kostnadene til barnehageborn i andre kommunar har blitt om lag 200.000 høgare enn opphavleg budsjett og 400.000 høgare enn justert budsjett, med ein samla kostnad på ca 2,1 mill. Desse kostnadene har auka mykje dei siste par åra, og kan ha sterk samanheng med ekstra fokus på tidleg innsats av språkleg utvikling i barnehagealder, noko som og er sterkt vektlagd i La Linea.

Vidare har kostnadene til elevar som får spesialundervisning i andre kommunar og/eller går på private skular vorte om lag kr 700.000 høgare enn budsjettert. Også her ser vi sterk kostnadsvekst i seinare år. Kostnader knytt til fosterborn som bur i andre kommunar har og auka kraftig. Her er eit overforbruk på kr 1.3 mill i høve opphavelig budsjett. Kostnader knytt til slike tiltak er særst vanskeleg å budsjettera, då oppvekst ikkje har innverknad på kor mange born det er som har krav på slik hjelp.

Kostnadene til kjøp av **vaksenopplæring** knytt til framandspråklege har blitt ca 600.000 høgare enn budsjettert, og ca 1 mill i høve opphavelig budsjett. For ein del år tilbake hadde vi eige tilbod om norskopplæring m.v. til innvandrarakar, men vi kjøper no desse tenestene frå Lindås kommune (framandspråkleg ved LOAS). Årsaka til kostnadsveksten er stor auke i

talet på personar som har krav på slik opplæring. Det er lite truleg at Radøy kommune kunne spart på å ha dette tilbodet sjølv igjen. I tillegg ville kvaliteten sannsynlegvis vore dårlegare, då Lindås har så mange elevar i desse tiltaka at dei kan tilby nivådifferentiert undervisning i ulike grupper.

Det var i utgangspunktet føresettt at oppvekst samla skulle gjennomføra ei innsparing på kr 900.000 i 2013. Denne innsparinga har ikkje lete seg gjennomføra i praksis, heller tvert om. Samla blir dette eit meirforbruk på nærare 2,9 mill. på området Felles skule/barnehage/SFO.

Dei fleste skulane har ikkje makta å driva innanfor budsjetterammene i 2013. Dette har samanheng med fleire tilhøve, mellom anna rundt forholdet mellom tildelt budsjett på fastløn og tildelte personalressursar/rammetimetal. Med dette meiner ein at personalkostnader har til dels vore underbudsjettert i høve til kor mange timar skulane har vorte tildelt og løyvd til drift. Andre tilhøve som innverkar på årsresultata er nye og auka behov som oppstår i løpet av året, som er vanskelege å spå i budsjetterfasen. Tiltak rundt både klassar og einskildelevar kan vera både naudsynt og påkravd å setje inn undervegs i året. Særleg Sæbø skule og Radøy ungdomsskule har hatt større meirforbruk i 2013 innafor slike tiltak.

På den positive sida vert ein nøydd til å framheva **rehabiliteringa av Manger skule** til 22 mill. For desse pengane

har ein fått ein skule som, med unntak av gymsalen, no er i særst god tilstand bygningsmessig sett. I tillegg har ein fått utvida personalrom og fornya inventar, nye elektroniske tavler i alle klasserom, nye pultar og stolar til elevane og nye arbeidsrom med nytt inventar for dei tilsette på skulen. I 2014 vil ein freista å få utgreidd kva det vil kosta med oppgradering av gymsalen på skulen, som det ikkje vart gjort noko med i denne omgang grunna manglande finansiering. I tillegg har ein utbetra **taket på Austebygd skule**. Realiteten er no at ein ved utgangen av 2013 har skulebygg i kommunen som er i frå god til særst god stand, og at ein frå no av kan setje full fokus på innhald i skulen, i staden for på dei fysiske tilhøva.

Generelt har kostnadene til **barnehagar** auka mykje dei siste åra. Dette er ei nasjonalt styrt utvikling, der målet er full barnehagedekning. Radøy kommune har «tradisjonelt» hatt lågare dekningsgrad enn mange andre kommunar, og potensialet for auka etterspurnad har såleis vore stort. I praksis har vi måtta auka med fleire avdelingar, seinast hausten 2013. I budsjettet for 2013 har ein ikkje i tilstrekkeleg grad føresettt kostnadsauken som faktisk har kome.

Bø barnehage har fått tilført for mykje budsjettmidlar i 2013, medan **Prestmarka** klårt har fått tilført for lite midlar. Dette fører til at Bø barnehage har mindreforbruk, medan **Prestmarka** har meirforbruk. Dette kan gje inntrykk av manglande kontroll av drifta.



Realiteten er at drifta er svært nøktern, og at ressurstildelinga rett og slett har vore for knapp og ein har vore nøydd til å utvida tilbodet i løpet av året. Dette har og ført til at ein måtte auke bemanninga. Ein stor del av overforbruket i Prestmarka er knytt til naudsynt opparbeiding av uteområdet ved Solhall for å få den avdelinga godkjend hjå Miljøretta helsevern. I tillegg fekk dei styrarassistent på plass frå august i fjor, og ein vart nøydd til å gjera om ei stor avdeling til småbarn då trykket på småbarnsplassar er enormt stort for tida. Også **Sæbø barnehage** er i same vanskelege situasjon. Utfordringa er med andre ord at vi samla sett ikkje har vore i nærleiken av å kunna setja av tilstrekkeleg budsjettmidlar for alle barnehagane i 2013.

Radøy musikk- og kulturskule (RMK)

har eit lite budsjett til å nytta til anna enn faste utgifter. Ein har mange lærarar i små stillingar, som er utfordrande i høve til både planprosessen og vidareutvikling av skulen. Heile RMK har i underkant av 4 årsverk. RMK har mange lærarar i deltidstilling under 40 %, og som arbeider fleire stadar. RMK ynskje å utvida dette for å kunna gje fleire eit tilbod. For å stimulera fleire til å byrja å spela eit instrument, betaler førsteårsaspirantane halv pris første semester i RMK. Skulekorpsa kjøper noko instruksjon og dirigent-tenester frå RMK. RMK gjev eit musikktilbod til brukarar med spesielle behov, PU-gruppa. Organisasjonar og lag er flinke til å spørja om musikkinnslag på tilstellingane sine, og dette er med å gje elevane fleire arenaer å uttrykkja seg på. RMK arrangerer og mindre hskonsertar og liknande, slik at elevane får visa det dei kan, og får trening i å opptre. Det er god oppslutnad på konsertane til RMK. Med Kulturløftet 2 var det sett av midlar til «Kulturskuletimen» hausten 2013, eit samarbeidsprosjekt mellom kulturskule, skule og sfo. Som døme på temakonsert arrangerte RMK konsert i høve 100-års stemmerettsjubileet for kvinner i Noreg, (i Sæbø kyrkje) der elevane framførte songar og musikk komponert av norske kvinner. 65 elevar takka ja til å vera med på dette gratistilbodet, som var ein fin kombinasjon av musikk og rørsle. I 2013 har ein drive RMK med eit lite underskot.

Heimetenesta

Den kommunale heimetenesta yter tenester til heimebuande i alle aldersgrupper. Kapasiteten er fullt utnytta, og behovet aukande. 200 brukarar, 70 trygghetsalarmar, samt 66 personer mottok middag. Frivilligsentralen bidrar med utkjøring av middagane.

Målsetnaden for tenesta er å yta helse-tenester på høgast mogleg nivå. 2013 har vore utfordrande med tanke på samhandlingsreforma. Heimetenesta har fortsett ansvar for tenesteytingar i 2 doble leilegheiter nytta til institusjonsføremål. Inntak i omsorgsbustad er knytt til omfattande hjelpebehov. Vi jobbar for å integrera drifta av dagavdelinga med heimetenesta, og ser her ein vinst for alle partar. Effektivitet og fleksibilitet er nøkkelord for å møte utfordringane vi står overfor. Gode tenester, trygge arbeidstakarar, fokus på kostnader og budsjett frå årets første dag er grunntankar i tenesta vår. Det er fokus på styrking av fagkompetansen i gruppa, slik at arbeidstakarane vert trygge i rollane sine og i stand til å yta gode tenester. Samarbeid og samhold gir oss eit godt utgangspunkt, eit pulserande og trygt arbeidsmiljø. Dette vart stadfesta ved at Heimetenesta fikk kommunen sin arbeidsmiljøpris for 2013. Det å drifta 24/7 gir utfordringar som må løysast ved å spela på lag med brukarane og deira pårørande.

Velferdssenteret

Sjukeheimen har kapasitet til 46 bebuarar. Sengene er fordelt på 38 enkeltrom og to doble rom inne i sjukeheimen, og to doble husvære i omsorgsbustaden. Samhandlingsreforma krev mykje av kommunal helse- og omsorgsteneste, og set stadig høgare krav til tilgjengeleg kompetanse. Pasientløpa vert styrt frå Velferdssenteret. Sjukeheimen har ansvar for å ta imot meldingane frå sjukehusa og gjera faglege vurderingar i høve omsorgstilbod i nært samarbeid med heimetenesta og kommuneoverlegen. I 2013 hadde Radøy kommune særskilt få liggedøgn i sjukehus etter at pasientane vart meldt utskrivingsklare. Sjukeheimen har tilsett to sjukeheimsleger og to turnusleger. Dette har synt seg å vera nøkkelen for å sikra gode pasientløp. I 2013 var 60 pasientar innom sjukeheimen for eit forlenga sjukehusopphald mot 29 i 2012. I tillegg kjem det søkna-

der til kommunal inntaknemda i høve heimebuande med trong for korttids-, avlastnings- eller langtidsopphald. Dei tilsette i sjukeheimen jobbar i eit miljø der dei stadig må retta fokuset mot nye arbeidsoppgåver. Dei har synt stor evne og vilje til omstilling. Undervisning kvar tysdag er ein viktig arena for kompetanseutvikling. Palliasjon og demensomsorg har vore fokusområde.

OMSUT – Tenesteområde omsorg og utvikling

Tenester for bu- og funksjonstrening består av tre bustadgrupper og ein kommunal avlastningsbustad. Tenesta yter også hjelp i heimen til brukarar i målgruppa. Radøy Arbeidssenter driv tiltak for personar som ikkje kan delta i den ordinære arbeidsmarknaden og som fell utanfor ulike arbeidstiltak i regi av NAV. Arbeidssenteret driv kombinert kafé og kantine i same bygg som Radøy Matsørvis.

Radøy Matsørvis

Tenesta leverer i hovudsak mat til Velferdssenteret og til heimebuande.

RiB

Radøy interkommunale Busenter. Institusjonen vert driven etter vertskommunemodellen, og har 9 plassar. Hausten 2013 har vi 8 brukarar frå 4 kommunar. Målgruppa er personar med langvarig og alvorleg psykisk sjukdom.

Psykisk Helseteneste

Psykisk helseteneste gjev hjelp og støtte til vaksne med psykiske lidningar og psykososiale utfordringar. Tenesta er eit lågterskeltilbod og tek imot privatpersonar som vender seg direkte til oss, men også via fastlegar, sjukehus, mm. Om lag 75 personar har tildelt psykisk helseteneste i kommunen i dag. Tenesta tilbyr støttesamtalar, utarbeiding og koordinering av individuell plan, informasjon om psykiske lidningar til brukar og pårørande, hjelp til handtering og bestilling av medisinar, dagleg oppfølging i 8 kommunale bustader, deltek i rusomsorg, gjev bistand i bustad, arrangerer turar, og er med i tverrfaglege ansvarsgrupper. Nytt av året er at funksjon for støttekontakt og avlastning er lagt inn i avdeling for psykisk helse. Ein støttekontakt er ein person som bidreg til ei meningsfylt

fritid for andre. Om lag 40 støttekontaktar har oppdrag i Radøy kommune i dag. Avdelinga tek også i mot og handsamar søknadar om avlastning. Denne tenesta er for pårørande med omfattande omsorgs- og tilsynsansvar.

Helsehuset

I 2013 vart Helsehuset oppgradert med mellom nytt tak, og nytt inngangsparti med elektrisk opning av dørane både på lege- og fysioterapiavdelinga, som sikrar betre tilgjenge for innbyggjarane.

Fysioterapitenesta

Tenesta har 2,7 årsverk, driv med kurativ verksemd, rehabilitering, habilitering og førebygging. Foreldre får gruppetilbod med råd og oppfølging vedr motorisk utvikling hjå småbarn, og fysioterapeutane tek del i «observasjonsdagane», eit tverrfagleg tilbod til førsteklassingane. Det vert drive med ei fallforebyggande treningsgruppe/ kurs for personar over 65 år. På Velferdssenteret er det tilbod om fysioterapi 4 dagar i veka. Vi arbeider med tilpassing og søknad om hjelpemidlar til innbyggjarane i kommunen, og er ressurs for palliasjon og lindrande behandling.

Legeteneste

Venterommet har fått trådløst gjesteinternett, og TV-skjerm, og har installert betalingsautomat. Ekspedisjonen er blitt større, og eit ekstra behandlingsrom gjev personalet betre arbeidstilhøve. Legesenteret driv kurativ verksemd og har 4 fastlegar. Ved årsskiftet var det ledige plasser på fastlegelistene. 2 turnuslegar deler tida si mellom legesenteret, Nordhordland legevakt og Velferdssenteret. Vi har auke i elektronisk kommunikasjon med samarbeidspartnarane våre, og samhandling innan IKT er framleis viktig. Samhandling, samarbeid og gode pasientforløp innad i kommunen er tema som går igjen. Rusforebyggjande prosjekt med kartlegging er eit samarbeid mellom lege, jordmor og helsestasjon som held fram.

Helsestasjon

Helsestasjonen held til på Helsehuset. Det er 2,4 stilling som helsesøster som utøver planmessig helsefremjande og forebyggjande helsearbeid for aldersgruppa 0-20 år. Arbeidet

består av helseopplysning, rettleiing, helseundersøkingar og vaksinasjonar. Helsestasjonen følgjer også opp spedbarn, småbarn og barn med spesielle behov, i tillegg til oppfølging av foreldre med utvida støtte. I 2013 var det født 52 barn i Radøy. 20% stilling har gått til interkommunalt samarbeid med «De Utrolige Årene Babyprogrammet for foreldre med sitt første barn». Helsestasjonen er med på vaktordning ved ungdomshelsestasjonen i Knarvik. Skulehelsetenesta utfører planmessig helsefremjande og forebyggjande arbeid i barneskule og ungdomsskule med faste kontordagar ved skulane. I dette inngår vaksinerings etter nasjonalt program. Helsesøster deltek i ansvarsgrupper og individuell plan gruppe i barnehage og skule og i helseteam for skule og barnehage.

Jordmor/svangerskapsomsorg

har 30% stilling ved helsestasjonen. Arbeidsområde: Samtale, råd og rettleiing om tema innan helse, livsstil og graviditet, Helsekontroll under graviditeten, førebuing til amming, fødsel og foreldreskap, hjelp til familieplanlegging/ val av prevensjon.

Barnevern

Barneverntenesta har ansvar for å vurdere mottekne meldingar, og dersom meldinga gir grunn for uro, gjennomføra ei undersøking av omsorgssituasjon til barnet. Når barnet på grunn av tilhøva i heimen, eller av andre grunnar har særlege behov for det, skal barneverntenesta først vurdere om det er mogleg å endra omsorgssituasjonen ved å setja i verk hjelpetiltak.

NAV Radøy

I 2013 hadde me 170 personar som fekk økonomisk sosialhjelp i større eller mindre grad, mot 150 personar året før. Me har opplevd ein auke i utgifterne til økonomisk sosialhjelp. Me har i 2013 teke i mot to flyktningar, i tillegg til sju på familiegjenforening, og har no til saman 20 flyktningar i introduksjonsprogrammet. NAV Radøy yter følgjande tenester: Hjelpetiltak overfor rusmisbrukarar, medverka til å finna bustad til vanskelegstilte, formidling av husbankmidlar til utbetningslån/ tilskot og etableringstilskot. NAV Sosial har halde seg innafor budsjetttrammane som er gitt.

Oppsummering

Tenestene innan helse og omsorg driv godt. Alle tenesteområde møter nye utfordringar, der krav til tenestene aukar frå myndigheiter og frå befolkninga. Det er ein gjennomgåande tendens til at tenestene og nye krav er underfinansierte, dette skal verka som drivkraft til sparing og kontinuerleg omstilling for effektivisering og evne til å møte morgondagens utfordringar. Oppretting av ny legestilling er lagt på vent inntil pasientgrunnlag er til stades for stillinga. Samhandlingsreforma er særskilt krevjande, men og auka behov innan rus, psykiatri og rehabilitering vert forventa å bli satsingsområde i tida som kjem. Det er urovekkjande at sengekapasiteten tidvis er sprengt, og vi ser behov for utvikling av bustadtilbod innan rus og psykiatri. For heile helse og omsorg vil fokus verta knytt til fagleg og organisatorisk utvikling. Samhandling og gode pasientforløp innafor kommunen er sentralt. Likeeins evna å arbeida tverrfagleg og på tvers av sektorane, her er folkehelse og flyktningar døme på område som vil få fokus framover.

Sektoren **drift og forvaltning** rommar eit relativt vidt spekter av tenester som skal bidra til å byggje opp under visjonen «tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle» i Radøy kommune. Sektoren drifter og forvaltar det fysiske miljøet i kommunen, skaper tryggleik gjennom god beredskap og redningstenester og tilbyr gode kulturelle tenester. Sektoren yter også støttetjenester innad i kommunen, og tilbyr sørvis og rettleiing for innbyggjarar og andre som har behov for informasjon eller kontakt med kommunen.

Tenestekområda har levert tenester innanfor vedtekne budsjetttrammer. Unntaket er Teknisk drift som hadde eit overforbruk på om lag kr 400 000, som i hovudsak skuldast overforbruk knytt til vintervedlikehald av veg. Det vart nytta mindre midlar enn året før, men budsjettet var også langt lågare. Teknisk forvaltning har levert effektive tenester med god kvalitet. Dette kjem m.a. til uttrykk gjennom gjennomsnittleg sakshandsamingstid innanfor lovpålagte fristar og svært få klagesaker. Resultatet er nøgde innbyggjarar og gode gebyrinntekter for kommunen.

Teknisk forvaltning har gjennom året treft 287 byggesaksvedtak, 16 vedtak om utseppsløyve og 15 delingsvedtak, samt handsama 29 oppmålingssaker og 6 seksjoneringssaker. Berre 4 vedtak har ført til klage. Eininga har saksførebudd 87 saker for Hovudutval for plan, landbruk og teknisk, som i 97 % av sakene har fatta vedtak i samsvar med rådmannen sin innstilling. 11 vedtak har ført til klage frå private partar, men ingen har ført til klage frå regionale styresmakter. Av dei private klagesakene har Fylkesmannen i Hordaland stadfesta Radøy kommune sitt vedtak i 11 av 11 saker.

Radøy kommune ønskjer å leggje til rette for næringsutvikling og å auke talet på innbyggjarar. I denne samanheng er manglande tilgang på tomteareal ei utfordring. I 2013 har Teknisk forvaltning hatt totalt 14 plansaker i prosess. To nye reguleringsplanar er endeleg godkjent og det er godkjent endring i fire planar. Det er meldt oppstart på 4 private reguleringsplanar, i tillegg til 2 områdeplanar og revisjon av kommuneplanen.

Teknisk drift har ei fleksibel gruppe med driftspersonell som som er flink til å tilpassa seg ein utfordrande arbeidskvardag. Arbeidet med å utbetra Helsehuset har vore eit godt døme på det, der ein har klart å oppretthalda den daglege drifta samstundes med ombygginga. Mykje av ressursane i 2013 har gått til drift av bygga. Det er er trong for å sjå nærare på kva som skal vera driftspersonellet sine primæroppgåver i tida som kjem.

I år har kommunen vore skåna for dei store leidningbrota og har hatt minimalt med nedstengningar av vatnet i forsyningsområda. Som ledd i å styrke forsyningstryggleiken er det lagt ny sjøvassleidning, og landtakssidene mellom Sæbø og Vetås er utbetra. Arbeidet med ny stigeleidning Hallandsvatnet- Lifjell er klar for oppstart. Internkontrollsystemet for **vassverk** er revidert, og det er utarbeidd ny beredskapsplan og risiko- og sårbarheitsanalyse. Innmåling av leidningsnettet for innlegging i det digitale kartverket har starta opp.

Også 2013 har vore eit år med avgrensa midlar til opprusting av **det kommunale vegnettet**. Kr 500.000,- til asfaltering rakk til reasfaltering av om lag 1 km veg. Teknisk drift har utført vegvedlikehald innafor vedtekne budsjetttramar, men langt frå nok til å halda opp den standarden vi opplever brukarane ønskjer. Ny lastebil med utstyr som gjer arbeida langt lettare for teknisk drift er no på plass.



Ny lastebil innkjøpt til teknisk drift i 2013

tralen har saman bidrege til å levere eit rikholdig og spennande kulturelt program for innbyggjarane.

Biblioteket har levert tenestene sine innanfor budsjettamma. Sjølv om biblioteket har hatt ein svak nedgang i tal på utlån, kan det visa til vekst i talet på besøkjande. I kulturplanen er biblioteket også omtalt som «ein sosial møteplass, ein stad for læring og utvikling og kjelde til kulturelle opplevingar». Biblioteket har levert i høve til ei slik målsetjing, og kan m.a. visa til konsertar og teaterframsyningar for barn i biblioteket sine lokale, skrivekurset «Poesislam» for ungdom og leseprosjekt for åttandeklassane.

Biblioteket har også vist at det evner å tilpassa seg ei ny tid, og samstundes leggja til rette for tenester som alle innbyggjarar i alle aldrar er tent med. Ordninga «Biblioteket heim til deg» og samarbeid med AUFERA er vidareført, det er lagt teknisk til rette for utlån av e-bøker, biblioteket har fått facebookside og det vert arbeidd med å utvikle nettsida. Biblioteket har fått eit universelt utforma inngangsparti, men det gjenstår framleis å ordna universell tilgang til avdelinga i andre etasje.

Kultur- og sørvistorget har hatt eit hektisk år, men har på ein god måte klart å balansera dagleg drift og krevjande prosessar knytt til innføring av nytt sak- og arkivsystem og ny nettside. Frå april 2013 vart møtepapir til formannskapet, kommunestyret og hovudutval for plan, næring og teknisk elektroniske. Det vart kjøpt inn nettbrett til medlemmene og møtepapira vart lagt ut som lenker på kommunen si nettside. Overgang til eit fullelektronisk saks- og arkivsystem medførte at ein i 2013 arbeidde mykje med å førebu arkivet på ei slik omstilling.

Radøy kommune er forsøkskommune for e-val, og Kultur- og sørvistorget la til rette for eit vel gjennomført Stortingssval, der heile 33,7 % av radværingane valte å førehandsrøyste via internett. Den totale valdeltakinga auka til 81,6 % (77,8 % i 2009). I 2013 vart stemmerettsjubileet markert med ulike arrangement, og det vart sett ned ei arbeidsgruppe for markering av kommunen si 50 års markering og grunnlovsjubileum. Arbeidet

med ei jubileumsbok for Radøy har pågått i 2013. Vedlikehaldsmidlane til idrettsanlegg og driftsstøtta til frivillige lag er auka i 2013.

Frivilligsentralen sitt viktige arbeid er utført innanfor budsjettamma, og sentralen har i tillegg til å oppretthalde dei gode tenestene også rekruttert nye frivillige hjelparar. Dei som kjører middag gjer ein fantastisk jobb. Kvar veke heile året kjører 21 frivillige sjåførar rundt i kommunen med varm middag til dei som vil ha. Til saman vert det kjørt ut mellom 13 000 og 14 000 middagar kvart år. Frivilligsentralen har eit godt samarbeid med m.a. Eldrerådet, Velferdssenteret og Radøy LHL, og i fellesskap ytt gode tenester som t.d. kulturtime, pensjonistreff og temamøter i Prestegarden i årets om har gått.

Løn og personal utgjer ein viktig støtte- og sørvisfunksjon for tilsette i kommunen. Forutan å ta hand om dei ordinære løn og personaloppgåvene, har avdelinga førebudd overgang til nytt økonomi og personalystem. På personalsida har det vore relativt mykje arbeid knytt til rekruttering, noko som m.a. har bakgrunn i utviding av tilbod (m.a. utviding barnehage), utskifting i stillingar og noko auka avgang til pensjon. Utsending av 1018 løns- og trekkoppgåver for 2013 illustrerer at Radøy kommune er ein stor arbeidsgjeva

Investeringsrekneskapen for 2013 syner samla investeringsinntekter kr 1.995.000. Av desse kjem kr 114.000 frå sal av bygdebøker, kr 130.000 frå sal av bilar og ca kr 1.465.000 frå sal av nærings- og bustadtomter. Dei siste kr 300.000 er statlege kulturbyggmidlar motteke via Hordaland fylkeskommune, knytt til ungdommens hus. Kostnadene til ungdommens hus vart ført i rekneskapen for 2012, og tilskotsmidlane kan nyttast til finansiering av den samla investeringsrekneskapen.

Samla utgifter på 29,5 mill er knytt til fysiske investeringar som bygg og anlegg, maskiner og utstyr. Dette er ca 3 mill lågare enn budsjett. Nærare gjennomgang av investeringsprosjekta følgjer på neste side.

Finansieringstransaksjonar er avdrag på lån Radøy kommune har teke opp i Husbanken for vidare utlån, dei såkalla startlåna.

Av utlån, kjøp av aksjar m.v. utgjør startlån kr 10.206.000. I budsjettet for 2013 var det sett av kr 8 mill til startlån. Det var stor etterspurnad etter startlån gjennom året, og tildeling av nye lån måtte stoppast i oktober, då ein såg at midlane kunne bli brukt opp før året var omme. Trass i lånestoppen, vart det lånt ut ca 2,2 mill meir enn føreset. Ei del av dette vart dekkja opp av ekstraordinære innbetalingar på startlån, men samla sett er det «overlånt» kr 823.000,.

Eigenkapitalinnskot i KLP utgjør kr 748.775. Dette er innskot vi er må gjera for å halda tilstrekkeleg eigenkapitalgrad hos pensjonsleverandøren KLP.

Fondsavsetjingar og bruk av fondsavsetjingar er knytt til startlån.

Samla kostnader som må finansierast er kr 42.788.000. Mottekne avdrag og bruk av fond er knytt til startlån. Overføring frå driftsrekneskapen er pliktig overføring av mva-kompensasjon av investeringar ført i drifta. Summen utgjør 80% av samla motteken mva-kompensasjon frå investeringar. Note 10 i rekneskapen gir nærare oversyn over fordelinga dei siste fire åra.

Resterande finansiering må såleis gjerast gjennom bruk lånemidlar, anten unytta lånemidlar frå tidlegare år, eller

Investeringsrekneskap	2013	Budsjett 2013	2012
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	(1 581)	(3 000)	(3 505)
Andre salsinntekter	(114)	(187)	(246)
Overføringar med krav til motyting	(300)	-	(7 169)
Andre overføringar			
Utbytte, eigaruttak			
Sum investeringsinntekter	(1 995)	(3 187)	(10 921)
Lønsutgifter	812	-	595
Sosiale utgifter	186	-	150
Kjøp som inng. i komm. prod.	24 192	31 655	22 600
Kjøp som erstattar eigen prod.	-	900	-
Overføringar	4 360	-	4 130
Renteutgifter m.v.	3	-	-
Sum utgifter	29 552	32 555	27 475
Avdragsutgifter	3 077	-	2 721
Utlån, kjøp av aksjar mv	10 955	8 749	9 619
Dekking av udekkja frå tidl år	-	-	528
Fondsavsetningar	1 199	-	2 240
Sum finansstransaksjonar	15 230	8 749	15 108
Sum trong for finansiering	42 788	38 117	31 662
Bruk av lån	(33 779)	(33 926)	(23 318)
Mottekne avdrag	(3 515)	-	(4 462)
Overført frå driftsrekneskap	(3 288)	(4 192)	(1 925)
Bruk av fond	(1 383)	-	(1 957)
Sum finansiering	(41 965)	(38 118)	(31 662)
Udekkja i investering	823	-	-


(tal i heile tusen)

nye lån. Det er teke opp eitt nytt lån i Kommunalbanken på 26 mill i 2013 og eitt lån i Husbanken på 8 mill, samla opptak 34 mill. Dei unytta lånemidlane utgjør kr 13.922.109 ved utgangen av 2013, ein auke på kr 221.437 frå utgangen av 2012. Desse unytta lånemidlane er føreset nytta til investeringar i 2014.

Investeringsrekneskapen syner udekkja i investering kr 823.000. Dette er altså den manglande finansieringa av startlån. Ein kunne sjølv sagt valt å finansiera denne «resten» med lån i Kommunalbanken, men det er ryddig å halda startlån for seg sjølv. Denne udekkja posten må såleis dekkast av startlånsmidlar frå Husbanken i rekneskapsåret 2014

Samla sett ligg investeringane ikkje urovekkjande høgt, og brutto inves-

Brutto investering i % av inntekt



tering utgjør 11,66% av samla driftsinntekter. Det finst ikkje noko godt måltal her heller, men samanlikna med mange andre kommunar ligg vi rimeleg greitt til.

Lånefinansieringsgraden er høg, 80,49%, mot i fjor 73,65%. Sjølv om rentenivået er lågt, og utsiktene er «gode» til låge renter i lengre tid, er så høg lånefinansiering ein klår risiko. Med noverande driftsnivå er det ikkje råd å generera tilstrekkeleg overskot i drifta til at det kan byggjast fond som kan nyttast til framtidige investeringar.

For fullstendig oversyn over investeringsprosjekt gjennomført i 2013, syner ein til rekneskapskjema 2B på side 8 i rekneskapsdokumentet for 2013.

I det følgjande vert det knytt merknader til prosjekt der det har vore større avvik mellom budsjett og rekneskapsført kostnad, eller det er andre tilhøve som krev forklaring.

Prosjekt 1280 **utskifting av bilar** er budsjettert med kr 1.140.000 men bokført med kr 0,-. Dette skuldast at det er oppretta nytt prosjektnummer 6225, lastebil SV 45814. Samla kostnad har blitt kr 1.346.777, altså 206.777 meir enn budsjettert. Avviket er knytt til meirverdiavgift, der ein har tenkt mva-systemet innafor VA-området, medan bokføringa har skjedd etter kompensasjonsordninga, slik at også mva må finansierast.

Kostnadene som er ført på prosjekt **Olsvollstranda** gjeld prosjektstyring og tilrettelegging av industriområdet .

Det er nytta om lag kr 200 000 til konsulentbistand i samband med prosjektering og anbudsprosess knytt til veg til **industriområdet på Storsandvik**. Arbeidet med vegen starta ved årsskiftet 2013/2014.

Investering IKT Nh er prosjektkostnader knytt til IKT Nordhordland, jf merknadene på side 6. Her er det ikkje budsjettert investeringskostnader, og avklåring om kva som faktisk kunne førast som investering kom først i januar 2014.

Arbeidet med **taket på Austebygd skule** vart ferdigstilt i månadsskiftet jan/feb 2014, noko som har medført at ein del av kostnadene i prosjektet er rekneskapsført i 2014.

Manger skule er den klårt største enkeltinvesteringa i 2013, med samla bokført kostnad kr 13.903.799. I høve til vedteke budsjett på 14 mill, må dette seiast å vera rimeleg godt treft.

Prosjekt 2190007, 210010 og 2190011 **Radøy ungdomsskule** må sjåast i samanheng, og det er totalt rekneskapsført kr 284 748 til oppgradering i 2013. Årsaka til at det er relativt stort avvik mellom budsjetteramma på 1 mill. og rekneskapsført er at ein valte å gå bort frå den opprinnelege løysinga med å oppgradera «loftet» på skulen til opphaldsrom. Det er gjort mindre arbeid knytt til utskifting av golvbelegg, lysarmatur og himlingar.

Mindreforbruk i høve til budsjett ved **Bø barnehage** skuldast at ein fann ei langt rimelegare ventilasjonsløysing for barnehagen.

Det er nytta langt mindre midlar til utvendig oppgradering av **Velferds-senteret** enn budsjettert. Det er utført vedlikehaldsarbeid, men dette er ført i drift. Prosjektet bør sjåast i samanheng med prosjekt «Heimetenesta –utvida lokale». Det vert arbeidd med ei heilskapleg løysing for bygget i samarbeid med helse og omsorg, men denne vart ikkje klar i 2013.

Heimetenesta utvida garderobar er bokført med kr 0. Dette skuldast at ein fekk til gode, rimelege løysingar som gjorde at kostnadene vart noko lågare enn føreset. Kostnadene er difor ført i drifta i 2013.

Under arbeidet med oppgradering av **Rådhuset** vart det oppdaga skadar på veggen på austsida som gjorde at arbeidet tok lengre tid enn planlagt. Det har ført med seg at arbeidet har trekt over i 2014, og at berre deler av prosjektet er rekneskapsført i 2013.

Når det gjeld prosjekt 6190001 **Branntekniske investeringar** er det rekneskapsført kr 163 350 medan budsjetteramma for 2013 er kr 500 000. Avviket skuldast mellom anna at ein har avventa tilbakemelding frå NGIB om dei ville godkjenna ei alternativ løysing av brannsikring på Helsehuset. Slik tilbakemelding låg føre rundt årsskiftet, og brannsikringstiltak vert sett i verk i 2014.